

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Skurvedalen, Forsand kommune**

Fylkesmannen sendte 21. februar 2019 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Skurvedalen i Forsand kommune.

Det kom i alt seks merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

**Språkrådet** har vurdert namneform for verneområdet og stør skrivemåten Skurvedalen naturreservat.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

**Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard** har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei har ingen merknader til oppstart av frivillig skogvern på Nordåker i Tysvær kommune.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

**Norges vassdrags- og energidirektorat** har vurdert framlegg til verneområde med omsyn til eksisterande og planlagt energi- og nettanlegg, m.m. Dei peikar på at verneområdet ikkje rører ved slike interesser. Dei peikar på at området ligg innanfor analyseområde for nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE peikar på ein mogleg framtidig konflikt i tilfelle området blir identifisert som eit av dei mest eigna områda i nasjonal ramme for vindkraft. For utnytting av vassfallressursar nemner NVE at Songesand kraftverk fekk avslag for utbygging grunna store negative konsekvensar for friluftsliv, landskap og biologisk mangfald. NVE nemner også Statnett sine planar for ein ny 420 KV leiing sør for området. Denne vert omtala under Statnett si uttale.

Fylkesmannen syner til at brorparten av Rogaland er inkludert i NVE sine analyseområder. Arealet som er foreslått av grunneigar til frivillig skogvern ligg i all hovudsak innanfor dei såkalla mjuke eksklusjons, som vil sette ekstra krav til evt. vindkraftutbygging. I vår vurdering av analyseområda til Miljødirektoratet har Fylkesmannen peika ut område inklusiv Skurvedalen som lite eigne til framtidig vindkraft da det vil gjere uforholdsmessig negativ påverknad på biologisk mangfald. Eit vern av dette avgrensa område vil sikra naturverdiane, og la desse få utvikla seg for framtidig nytte gjennom deira økosystemtenestar. Vidare er vern av skogen eit lokalt initiativ frå grunneigar saman med skognæringa.

Fylkesmannen tek elles til etterretning at NVE peikar på at forslaget ikkje er i konflikt med eksisterande eller planlagde nattanlegg, og at tidlegare vasskraftsøknadar i området har fått avslag.

**Lyse Elnett AS** har ingen kommentarar til oppstartsmeldinga.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

**Statnett SF** melder at dei planlegg ein ny 420 KV transmisjonsnettleiing om lag 400 meter sør for verneområdet. Dei antar at verneplanane ikkje kjem i konflikt med denne traseen.

Fylkesmannen einast med Statnett SF si vurdering i at verneplanane ikkje vil påverke Statnett sine planar slik dei ver framstilt i svaret på oppstartsmeldinga.

**Landbruksdirektoratet** har meldt inn ei generelt fråsegn med omsyn til jordbruk og skogbruk i området. Dei peikar på at i høyringsdokumenta må det kome klart fram korleis Fylkesmannen vurderer landbruksinteresser, til dømes, traktorveg, skogsbilvegar gjennom vernearealet, støl og seterområde, beite og reindrift. Landbruksdirektoratet peikar på at forskrifta må formulerast slik at det ivareteke landbruksinteressa i verneområdet.

Fylkesmannen tek fråsegna til Landbruksdirektoratet til etterretning, men vil peike på at bruksinteresser hjå grunneigar er ein sentral del av arbeidet med forskrifta, og at skogbruksnæringa sine representantar har hjelpt grunneigar med prosessen. Det vil mellom anna opnast for beite i forskrifta ,jf. § 4, det er opna spesifikt for landbruksrelaterte skjøtselstiltak i delar av verneområdet markert i vernekartet. Det er opna for vedlikehald av eksisterande vegar merka på vernekartet. Det er ikkje naudsynt å bruke verneområdet for å nå vyrkeskog i regionen. Prosessen er samordna mellom miljø og landbruksavdelingane hjå Fylkesmannen.